



Tore Andre Frugård
Hovedgården 38 A
5307 ASK

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/2 - 20/5115

Sakshandsamar:
Øyvind Tolleshaug
oyvind.tolleshaug@fedje.kommune.no

Dato:
02.10.2020

Manglar ved søknad III

I brev datert 16. april, skreiv eg :

**** *

Eg syner til søknad motteken 6. april 2020 om innreiing/bruksendring av 8 husvære i bygg på gnr. 169, bnr. 47.

Dei åtte husværa har nummer frå 5 til 12. Husvære nummer 1 til 4 og forsamlingslokale, fekk ferdigattest 4. mars 2020.

Søknaden har følgjande manglar :

- 1) Husvære 9 og 12 har ikkje ytterdør på teikningar som er levert.
- 2) Søknaden manglar brannkonsept
- 3) Det er levert søknad om ansvarsrett frå Konsepta AS for prosjektering av brannkonsept. Søknaden er frå 2015 og er ikkje lenger gyldig. Ny erklæring om ansvarsrett må leverast.
- 4) Ansvarsrett for kontroll av brannkonsept manglar
- 5) Ansvarsrett for prosjektering av brannalarm, nødlis og ledesystem manglar
- 6) Ansvarsrett for kontroll av brannalarm, nødlis og ledesystem manglar
- 7) Mjeldstad VVS har levert to erklæringar om ansvarsrett. I erklæringa for prosjektering og utføring som gjeld husvære 5, 11 og 12 er det teke atterhald. Mjeldstad skriv at dei ikkje kan ta ansvar for utført arbeid som er skjult. Erklæring om ansvarsrett utan atterhald må leverast.

Fedje kommune vil ta stilling til søknaden når manglane er retta.

***** *

Den 23. juni 2020 skreiv eg eit nytt brev om manglar.

Punkt 1 er løyst. Reviderte teikningar er leverte.

Brannkonseptet frå 2015 må oppdaterast og ny ansvarsrett leverast.

Etter den 23. juni er det levert ansvarsrett frå både Mjeldstad VVS og Storbergen Rørleggerservice. Det er no uklårt kven som har ansvar for kva når det gjeld røyrleggararbeid.

Oppdatert gjennomføringsplan er ikkje levert.

Etter at søknaden kom den 6. april 2020, er det levert materiale i 9 ulike e-postar. Dette går ikkje.

Dersom kommunen skal handsame søknaden vil vi ha ein søknad med **alle** tilhøyrande dokument i ei sending. Søknaden skal ha alle dokument i saka, også slike som er sendt kommunen tidlegare.

Øyvind Tolleshaug
Plan- og utbyggingssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Tore Andre Frugård

Hovedgården 38 A 5307

ASK